ULSTEIN
NÆRINGSFORUM

ÅRSMØTE 2021

ULSTEIN NÆRINGSFORUM (UNF)

Torsdag 11. mars 2021 kl. 17:00 i Sjøborg kino

ooo

A. VELKOMNE TIL ÅRSMØTE I UNF

a. Velkomne til årsmøtet 2021
b. Orientering om året vi har bak oss og planane for i år

B. ÅRSMØTET

1. Opning av møtet

Val av møteleiar og 2 personar til å underskrive protokollen saman med møteleiar

2. Godkjenning av:

a) Styret si årsmelding
b) Årsrekneskap, herunder disponering av resultat
c) Revisors beretning

3. Fastsetting av:

a) Kontingent og serviceavgift for komande år
b) Godtgjerdsle til revisor

4. Val av:

a) Styreleiar, medlemer til styret og varamedlemer
b) Revisor
c) Leiar for valkomitéen og avlkomitéens andre medlemer

5. Endring av Ulstein Næringsforum sine vedtekter

6. Innkomne forslag

D. UTDELING AV NÆRINGSLIVSPRISEN «ÅRETS BEDRIFT 2020»

E. AVSLUTNING

ÅRSMØTESAK 2021 - 1

VAL AV MØTELEIAR OG 2 PERSONAR TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN SAMAN MED MØTELEIAR

a) VAL AV MØTELEIAR

b) VAL AV 2 PERSONAR TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

ÅRSMØTESAK 2021 - 2

GODKJENNING AV STYRET SI ÅRSMELDING 2020
GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2020

a) GODKJENNING AV STYRET SI ÅRSMELDING 2020
Sjå vedlagde årsmelding frå styret.

FORSLAG TIL VEDTAK:
Årsmøtet godkjenner styret si årsmelding og denne tilleggast protokollen.

b) GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2020, HERUNDER DISPONERING AV RESULTAT
Sjå vedlagde resultatrekneskap, balanse samt brev frå reknekapsførar.

Styret foreslår for årsmøtet at årsrekneskapen godkjennast og at resultatet tilførast eigenkapitalen.

FORSLAG TIL VEDTAK:
Årsmøtet godkjenner styret sitt forslag til årsreknesksap 2020.

ÅRSMØTESAK 2021 - 3

FASTSETTING AV KONTINGENT OG SERVICEAVGIFT FOR KOMANDE ÅR.

FASTSETTING AV HONORAR TIL REVISOR

a) KONTINGENT OG SERVICEAVGIFT FOR KOMANDE ÅR.
Styret føreslår for årsmøtet å halde satsane uendra for 2022.

Type medlem	Medlems-kontingent	Service-avgift	Røyster
Kategori 1: 0-4 årsverk	1 000	1 000	1
Kategori 2: 5-10 årsverk	1 000	2 000	1
Kategori 3: 11-50 årsverk	1 000	10 000	3
Kategori 4: 51-100 årsverk	1 000	25 000	5
Kategori 5: Over 100 årsverk	1 000	50 000	8
Kategori 6: Lag og organisasjonar	1 000	2 000	1
Kategori 7: Kjøpesenter	1 000	20 000	4
Kategori 8: Bankar	1 000	50 000	8
Kategori 9: Kommunen	1 000	Inntil 750.000	8

FORSLAG TIL VEDTAK:
Styret føreslår for årsmøtet å halde satsane uendra for 2022.

b) HONORAR TIL REVISOR

UNF nyttar i dag ikkje ekstern revisor og betalar såleis ikkje honorar.

ÅRSMØTESAK 2021 - 4

VAL

a) VAL AV STYRELEIAR, MEDLEMER TIL STYRET OG VARAMEDLEMER

Sjå *Innstilling frå valkomiteen i Ulstein Næringsforum til Årsmøtet 2021* (vedlagd)

aa) Val av styreleiar 1 år. Valkomitéens forslag: Are Nørvåg Garshol
aa) Val av styremedlem 2021-2023: Are Nørvåg Garshol
ab) Val av styremedlem 2 år. Valkomitéens forslag: Helene Holstad
ac) Val av styremedlem 2 år. Valkomitéens forslag: Anita Muren
ad) Val av styremedlem 2 år. Valkomitéens forslag: Jogeir Romestrand
ae) Val av 1. varamedlem 2 år. Valkomitéens forslag: Kathrine Gåsvik Ulstein
af) Val av 2. varamedlem 2 år. Valkomitéens forslag: Arnt Ole Grimstad

b) VAL AV LEIAR FOR VALKOMITÉEN OG VALKOMITÉMEDLEMER

FORSLAG:
Styret foreslår Kjersti Kleven som leiar for valkomitéen
Styret foreslår Verner Larsen som medlem av valkomitéen
Styret foreslår Ellen Kvalsund som medlem av valkomitéen

c) VAL AV REVISOR

Sjå *Innstilling frå valkomiteen i Ulstein Næringsforum til Årsmøtet 2021* (vedlagd)

FORSLAG:
Valkomitéen foreslår at årsmøtet oppnemner til revisjonskomitéen Antoni Knotten (Hasund AS) for perioden 2021-2023.

ULSTEIN
NÆRINGSFORUM

ÅRSMØTESAK 2021 - 5

ENDRING AV ULSTEIN NÆRINGSFORUM SINE VEDTEKTER

ENDRING #1:

§9 Årsmøte i vedtektene lyder slik, og forslag til endringar visast med raud skrift:

§ 9 Årsmøte

Årsmøtet er foreininga sitt øvste organ. Styret gjer dato for kva tid årsmøtet skal avviklast tilgjengeleg på foreininga si heimeside seinast 6 veker før. Årsmøtet vert kalla inn av styret med minst 14 dagars skriftleg varsel til medlemmane.
Innkallinga skal innehalde saksliste for årsmøtet. Innkalling kan skje elektronisk per e-post og årsmøtedokumenta kan gjerast tilgjengelege på foreininga sine heimesider seinast 7 dagar før årsmøtet.
På årsmøtet kan berre behandlast dei saker som er nemnd i innkallinga.
Årsmøtet vert helde kvart år innan utgangen av juni månad. Årsmøtet vel sjølv sin møteleiar.

Ordinært årsmøte skal behandle:

1. *Val av møteleiar og 2 personar til å underskrive protokollen saman med møteleiar.*
2. *Godkjenning av:*
   - *a) Styrets beretning*
   - *b) Årsregnskap, her under disponering av resultat*
   - *c) Revisors beretning*
1. *Fastsetting av:*
   - *a) Kontingent og serviceavgift for kommande år*
   - *b) Godtgjersle til revisor*
1. *Val av:*
   - *a) Styreleiar, medlemer til styret og varamedlemmer*
   - *b) Leiar for valkomiteen og valkomiteens andre medlemmer*
   - *c) Revisor (dersom årsmøtet ønskjer det)*
1. *Innkomne forslag, her under forslag til vedtektsendringar. Medlemmar må skriftleg melde saker til styret innan 3 veker ~~31. mars~~ før komande års årsmøte.*
2. *Andre saker som er nemnt i innkallinga.*

Protokoll frå årsmøtet skal signerast av møteleiar og to valte representantar frå medlemmane som er på møtet. Protokollen skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane på foreiningas heimeside.

ENDRING #2:

§6 Styret – i vedtektene lyder slik, og forslag til endringar visast med raud skrift

§ 6 Styret

Foreininga vert leia av eit styre, som er foreiningas øvste mynde mellom årsmøta. Styret består av minimum fem og maksimum sju medlemmar, med inntil tre nummererte varamedlemmar.
Styrets medlemmar vert valt for to år, med mogelegheit for attval. Første år vert inntil halvparten av medlemmane, samt eit varamedlem valt for 1 år.
Årsmøtet vel styrets leiar for eit år av gangen. Utover det konstituerer styret seg sjølv.
Styret tilset dagleg leiar som også fungerer som styrets sekretær. Det skal førast protokoll frå styremøta.
Styret utarbeidar instruks for valkomiteen som skal vedtakast av årsmøtet.

Styret held møter så ofte styreleiar finn det naudsynt, eller minst tre styremedlemmar krev det. Styret er vedtaksfør når eit fleirtal av styrets medlemmer er til stades. Vedtak i styret vert fatta med fleirtal av dei avlagte stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiars stemme avgjerande.

Kommunen har rett til å peike ut eit styremedlem så lenge kommunen bidreg med ekstraordinære midlar (4 første år).